

Alversund 29.03.2017

Til
FG Eigedom AS
Sagstadvegen 67,
5918 Frekhaug.

Takk for framlegg til avtale. Vi tykkjer avtalen i all hovudsak ser grei ut. Det er fint med den prisen pr. kvadratmeter du har sett opp. Før vi kan skrive under avtalen ynskjer me nærmere avklaring på følgjande område (dette etter eigne tankar og etter råd frå fagfolk/takstmann).

1. MUREN

- a)** Mot nord, grense mot Hans Tvedt har vi ynskje om natursteinmur i flukt med muren langs vegen opp til BUA. I terrenget der ligg det ein del naturstein. Vi har ikkje bygd denne muren mot Hans Tvedt då vi har venta på dine utbyggingsplanar.
- b)** Mot sør/betongmur. Her ynskjer vi at natursteinmuren skal byrja, dette både på grunn av det estetiske og på grunn av tryggleik mot fortauet. Her kan vi sjå at det er lause massar , samt at det er små hol i bakketerrenget der jord er rasa ut.
- c)** Vi vil at natursteinen i eksisterande mur vært nytta i den nye natursteinmuren, det same gjeld natursteinen i terrenget mot Hans Tvedt. Steinen er kjøpt og betalt av oss.
- d)** Vi har ynskje om at gjerde på muren vært 80-90 cm. høgt og like eins som vi har rundt huset med svarte gjerdestolpar. Vi ynskjer topplag med jord som blir planert og tilsådd med grasfrø.

2. SIKRING

Vi ber om at det vært sett opp rystelsesmålar på aktuelle stadar. Dette er etter råd frå både kommune og takstmann.

3. SAMARBEID

Vi ynskjer å ha kontakt/samarbeid med ansvarleg for veg, Haugen A/S, underveis for eventuelle spørsmål og/eller justeringar.

Med venleg helsing
Reidar Berntsen og Gjøa Ese

Kopi til: Lindås Kommune, avd. byggesak og avd. veg

